

Oppsummering innspel- planoppstart

Plannamn	Detaljregulering for utviding av gravplass i Kjølsdalen
Plan-ID	2017004
Saksnummer (Nordplan-Eid kommune)	16193 - 17/2905
Utarbeidd av	Arild Rindal
Datert/revidert	10.10.2018

Oppstart av planarbeidet vart kunngjort i Fjordabladet og på Nordplan si heimeside. I tillegg er grunneigarar og offentlege etatar tilskrivne. Frist for uttale var sett til 25.03.2018. Det er kome inn 4 innspel. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er oppsummert slik:

	Dato/avsender/gbnr.	Oppsummert innspel	Nordplan sin kommentar
1	26.02.18 Sogn og fjordane fylkeskommune	«Etter kyrkjelova § 21 femte ledd, er det forbod, utan løyve frå biskopen, å oppføre bygnad nærare kyrkjer enn 60 meter i spredtbygd område. Saka er lagt fram for Bjørgvin bispedøme til vurdering.»	Planlagt utviding er godkjent av Bjørgvin bispedømeråd. Det er ikkje planlagt å oppføre nokon form for ny bygnad innanfor 60m frå kyrkja gjennom denne planen.
2	16.03.18 Den norske kyrkja – Bjørgvin bispedømeråd	Viser til fråsegn knytt til førre varsling og takkar for at planområdet blir utvida i tråd med denne.	Innspelet er følgt opp og planområdet er utvida til også å omfatte eksisterande gravplass m/kyrkje og p-plass.
3	22.03.18 Statens Vegvesen	Viser til tidlegare innspel i saka kva angår byggegrense til riksveg 15. Det bør vere minimum 20m byggegrense frå senterlinja på rv15. Då kan vegetasjonen framleis fungere som skjerm mot trafikk, vegtrafikkstøy og støv. Det må sikrast at gang-/sykkeltrafikken vil fungere på ein trygg måte under anleggsfasen.	For å oppnå den gravplasskapasiteten som er ønska og behov for ønskjer ein gjennom denne planen å bygge nærmare vegen enn 20m. Gravplassen skal skjermast mot støy på anna vis enn med vegetasjon og kjem på denne måten til å oppnå tilfredsstillande støyforhold på heile planområdet ref. <i>Beregning av vegtrafikkstøy</i> frå Sweco datert 02.02.18. Det er sikra at støyskjerm blir oppført før det blir gjeve brukstillating til tiltaket gjennom føresegner for området. Gang- og sykkelvegen skal skiljast frå planområde med sikringsgjerde slik at mjuke trafikkantar kan ferdast trygt gjennom anleggsfasen.
4	23.03.18 Fylkesmannen i Sogn og fjordane	Viser til fråsegna si datert 18.12.2017 der FMSF m.a. peikte på ulike omsyn og interesser FMSF meiner er aktuelle å gjere greie for i planomtalen. Ny fråsegn legg til at ein må ta omsyn til landbruksareal i nærområdet og ber oss om å sjå spesielt på det som står om buffersone/vegetasjonssone som skjerming mot jordbruksareal.	Det vil bli lagt inn vegetasjonsbuffer mellom nyetablering av parkering og landbruksjord nord i planområdet.